

# IL FØYK KONTINGENT 2016



Føyk idrettslag er eit sjølvstendig idrettslag med hovudfokus på allsidige aktivitetar og folkehelse. Me satsar på stor lokal aktivitet for barn i alle aldrar.

For å kunna gje medlemmene våre eit så godt tilbod som råd, er Føyk avhengig av at medlemmene betaler kontingent. Satsane for 2016 er som fylgjer:

Familie	kr 500,-
Vaksne	kr 200,-
Barn	kr 150,-

Merk at dei som berre ynskjer å vera støttemedlem kan meldia seg inn som vaksen. Barn kan inngå i familiemedlemskap til og med fylte 19 år.

**Kontonummeret til Føyk er: 3450 35 17827**

Ber om at de i samband med betalinga oppgjer namna på dei som inngår i kontingensten.

Send så ein e-post til [foykil@gmail.com](mailto:foykil@gmail.com) med den detaljerte informasjonen etterspurd nedenfor. Dette treng me i samband med idrettsregisteringa:

Før- og etternamn  
Kjønn  
Fødselsdato (ikkje berre årstal).  
Adresse og postnummer  
e-post adresse  
Tlf.nr (helst mobil)

Det ovanforståande gjeld for heile familien. Dersom ikkje barna har mobil eller e-post, oppgje dykkar eigne.

Du kan også sjølve gå inn på <https://minidrett.nif.no/> og registrera dette – meir om dette på neste side. Men Føyk treng uansett minimum fødselsdato og namn som vist ovanfor.

Nettsida [www.indrehaustsjo.no](http://www.indrehaustsjo.no) innheld arrangement, resultatlister, treningsstider med meir. Sjå facebooksida til Føyk for siste nytt.

**Me oppmodar alle som spelar eit av spela til Norsk Tipping å gje sin grasrotandel til Føyk! Dette er veldig viktig for økonomien vår.**

Til slutt vil Føyk nytta høve til å takka sine medlemmer for oppsluttinga om idrettslaget både sportsleg og Økonomisk. TUSEN TAKK!

Med sportsleg helsing  
IL Føyk

VEND

## **Praktisk informasjon vedrørande endringar av idretten i Ullensvang Aust**

Det vart vedteke i år på årsmøta til Ullensvang Idrettslag, Kinsarvik idrettslag og Harding Allianse at dei no går saman og dannar eit nytt felles idrettslag. FØYK har valt å ikkje inngå i dette samarbeidet, men å fortsetja drifta som i før.

Dei som driv med fotball eller andre aktivitetar i Harding må derfor i framhaldet melda seg direkte inn i nye Harding, ikkje som før via Føyk. Merk at det er ingenting i vegen for å vera medlem i begge laga. Føyk vonar de blir med vidare og støttar opp om den store lokale aktiviteten, dette står som nemn ikkje i vegen for å også vera Harding medlem om ein ynskjer det.

## **Om kontingenenten neste år**

Vedrørande kontingenenten så vil prosessen verta forenkla neste år ved at dei som allereie er medlemmer får e-post med instruksar om korleis betala kontingenenten utan å måtta oppgje personalia på nytt. Grunnen til dette er overgang til eit elektronisk medlemsregister i regi av idrettsforbundet (KlubbAdmin).

Denne forenklinga føreset at me har fått fødselsår og epost som nemnt ovanfor, eller at du sjølve har gjort registreringa på <https://minidrett.nif.no/>

Ved første gangs innlogging må ein be om tilgang, men då kan ein etter kvart sjølv administrera informasjon som e-post adresser, familietilknytingar, inn- og utmelding av diverse idrettslag og undergrupper. Dette er enkelt og ein har tilgang til gratis telefonsupport frå idrettsforbundet.



*Idrettsglede i Føyk*